

**Rekordbesøk i TI-aren!**

14.07.2009

**Dei iherdige damene som held TI-aren i gang er lettare opprømte etter denne tysdagen: Det var 70 vaksne og sju ungar innom kafeen på dei fire timane den hadde ope og det er rekord!**

Berit Harriet Døssland fortel at dei fleste var turistar og kom frå båthamna.  
Selma Eik masseproduserte melkekaker og klarte å avvikla køen!  
Damene selde for over 2.000 kroner og det er også rekord.

Den tidlegare besøksrekorden var bortimot 70, og då var det ein organisert tur frå Husnes som dreiv besøket i veret.

Av Ola Matti Mathisen